

---

**Saksnr:** 2022/4955-30  
**Saksbehandlar:** Anders Søyland

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		23.03.2022

**Tildeling av tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde 2022**

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 4 260 000 kroner fordelt slik:

Nr	Søkar	Kommune	Friluftsområde	Tilrådd tilskot
1	BOF	Fleire	Landfaste friluftsområde forvalta av Bergen og Omland Friluftsråd	1 650 000
2	BOF	Bergen	Øvre Hellen	375 000
3	BOF	Askøy	Skarvøy og Pariserholmane	140 000
4	BOF	Askøy	Nordre Tjuvavågen	0
5	BOF	Øygarden	Hissøyna	0
6	BOF	Øygarden	Lønøy	0
7	BOF	Austrheim	Øksnes	90 000
8	BOF	Bergen	Helleneset	200 000
9	BOF	Alver	Solheimsvika	90 000
10	BOF	Bergen	Vollane	90 000
11	BOF	Alver	Byngja	100 000
12	BOF	Alver	Uttoska	0
13	BOF	Bjørnafjorden	Stokkavik	28 000
14	BOF	Osterøy	Hjellvikstranda	15 000
15	BOF	Alver	Elvavika	0
16	BOF	Bergen	Bakarhavn	0
17	BOF	Bergen	Grønskjeret	20 000
18	BOF	Bergen	Kalvtrevik	0
19	BOF	Øygarden	Skogsøy	0
20	BOF	Alver	Fisketangen	0
21	BOF	Alver	Kvalvågnes	0
22	BOF	Alver	Fløksanden	0
23	BOF	Bergen	Garnes	0

24	BOF	Bergen	Hordvikhamn	0
25	BOF	Bergen	Tømmervågen	50 000
26	BOF	Askøy	Geitholmen	0
27	BOF	Bergen	Kyrkjetangen	20 000
28	BOF	Øygarden	Setrevika	10 000
29	BOF	Osterøy	Kleiveland	0
30	BOF	Alver	Kvernhusviki	0
31	BOF	Austrheim	Sauøy	0
32	BOF	Kvam	Holmsund	5 000
33	BOF	Askøy	Skutlevika	0
34	BOF	Bjørnafjorden	Skjelavika	0
35	BOF	Kvam	Ståvika (Fredsvik)	0
36	BOF	Askøy	Herdla	0
37	BOF	Alver	Toska	0
38	BOF	Alver	Håøy	75 000
39	BOF	Askøy	Hanevik	0
40	BOF	Bergen	Solviken	0
41	BOF	Bergen	Brunesstykket	0
42	BOF	Bergen	Sandviksbatteriet	0
43	BOF	Bergen	Skjoldabukta	0
44	BOF	Bergen	Våganeset	0
45	BOF	Bergen	Holmen i Arnavågen	0
46	BOF	Bergen	Sandholane	0
47	BOF	Alver	Smineset	0
48	BOF	Bergen	Biskopshavn	0
49	BOF	Øygarden	Ovågen	0
50	BOF	Askøy	Solnes	0
51	Stryn kommune	Stryn	Kjeldeflata	31 000
52	Stryn kommune	Stryn	Kjeldeflata	100 000
53	Kinn kommune	Kinn	Moldøen	150 000
54	Osterøy kommune	Osterøy	Sanatoriet i Haus	120 000
55	Hyllestad kommune	Hyllestad	Myklebustneset	63 000
56	Stad kommune	Stad	Søholmen	38 000
57	Askøy kommune	Askøy	Herdla Fort	150 000
58	Høyanger kommune	Høyanger	Austreheim	50 000
59	Friluftsrådet Vest	Fitjar	Langøya	200 000
60	Friluftsrådet Vest	Bømlo	Hiskjo	0
61	Friluftsrådet Vest	Bømlo	Ulvesøya	0
62	Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Valøya	150 000
63	Friluftsrådet Vest	Stord	Hystad	250 000
64	Friluftsrådet Vest	Fitjar	Dalshaugane	0

Sum			4 260 000
-----	--	--	-----------

Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2022 frå post 460.405, tilskot til tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområde

### **Samandrag**

Tilskotsordninga skal medverke til å fremje friluftaktiviteten i dei statleg sikra friluftsområda. Gjennom naturvennleg tilrettelegging og skjøtsel skal områda gjerast lett tilgjengelege og attraktive for allmenta sitt friluftsliv. Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje om tilskot. Alle tiltak i statleg sikra friluftsområde skal vere forankra i godkjende forvaltingsplanar.

Vestland fylkeskommune er for 2022 tildelt totalt 4 260 000 kr frå Miljødirektoratet til vidare fordeling, 4 mill kr. til tiltak i statleg sikra friluftsområde og 260 000 kr til tiltak for å betre tilgjengelegheita og universell utforming i friluftsområda.

**Per Morten Ekerhovd**  
Avdelingsdirektør

**Britt Karen Spjeld**  
Seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Innan søknadsfristen 1. februar 2022 kom det inn 64 søknadar om tiltak i statleg sikra friluftsområde i Vestland. Alle søknadar bortsett frå ein blei vurdert å kvalifisere for ordninga. Av dei 64 søknadane var 50 frå Bergen og omland friluftsråd (BOF), 6 frå Friluftsrådet Vest (FV), 2 frå Stryn kommune og ein søknad kvar frå kommunane Stad, Kinn, Osterøy, Hyllestad og Askøy og Høyanger. Total sum for søknadane var på 15,177 mill. kr. Vestland fylkeskommune fekk i 2022 fordelt 4 000 000 kr frå Miljødirektoratet til tiltak i statleg sikra friluftsområde. I tillegg blei det fordelt 260 000 kr til tiltak for å betre tilgjengelegheita og universell utforming i friluftsområda. Total sum til fordeling i statleg sikra friluftsområde i Vestland er derfor 4 260 000 kr.

Rammetildelinga frå Miljødirektoratet til fylkeskommunane er gjort på grunnlag av tal på statlege sikra friluftsområde, registrerte forvaltingsplanar, samla kostnad knytt til behov for tiltak og samla søknadsvolum i 2021. Samla søknadssum på tiltaksmidlar i Vestland var i 2022 på 15 177 000 kr. På bakgrunn av den store søknadssummen er det naudsynt å gjere strenge prioriteringar og ein stor del av dei omsøkte tiltaka får derfor ikkje innvilga tilskot i denne omgang.

Tilskotsmidlane skal nyttast til opparbeiding, tilrettelegging og skjøtsel i dei statleg sikra friluftsområda. Tilrettelegginga har følgjande hovudmål:

- Minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og legge til rette for auka friluftaktivitet.
- Ivareta kvalitetar knytt til opplevingar i området, og legge til rette for gode naturopplevingar.
- Hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyring på plante- og dyrelivet og øydelegging av kulturminne og kulturmiljø.

Miljødirektoratet har sett som vilkår for ordninga at mykje brukte område og område i eller nær byar og tettstadar skal prioriterast. I Vestland ligg om lag 3/4 av alle statlege friluftsområde utanfor det som kan definerast som by eller tettstad, og det er derfor naturleg at det og tildelast ein del midlar til område som ligg utanføre dei mest befolkningstette område. Kva som er mykje bruk må og sjåast i samanheng med kva funksjon området har. Eit område med relativt lågt tal på brukarar kan ha ei viktig lokal funksjon og vere mykje nytta av bebuarane i nærområdet eller i kommunen. I handsaminga av søknadane er det vurdert om friluftsområda ligg i gang eller sykkelavstand til bustadområde eller lokalsentre i kommunane. Det blir og vurdert om områda har eit potensiale for auka bruk som følge av betre tilrettelegging.

I fordelinga av midlar er det teke omsyn til prioriteringane frå friluftsråda, men det er gjort ei uavhengig vurdering av søknadane ut frå dei måla og kriteriana som er sett for tilskotsordninga. Nokre tiltak er prioritert fordi dei gjer ein betre universell tilkomst, eller fordi det er viktige friluftsområde i nærområda til store befolkningskonsentrasjonar. Det er og vektlagt å få til ei god geografisk spreing i fordelinga av tilskot, slik at flest mogleg av kommunane i Vestland skal få eit godt friluftslivstilbod. Nokre av dei omsøkte tiltaka er i grenselandet mellom kva som definerast som skjøtsel og drift. Ettersom driftsoppgåver ikkje er omfatta av tilskotsordninga er slike tiltak ikkje prioritert.

<b>Budsjett:</b>	4 000 000 kr tildelt til tiltak i statleg sikra friluftsområde 260 000 kr tildelt til tiltak for betring av UU
<b>Søknadsfrist 2022:</b>	1. februar
<b>Kriteria og informasjon:</b>	<a href="https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilskot-til-tiltak-i-statleg-sikra-friluftsomrade/">https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilskot-til-tiltak-i-statleg-sikra-friluftsomrade/</a>
<b>Søknadar 2022</b>	
Tal på søknadar:	64
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	26
Samla søknadssum:	15 177 000 kr
Tilrådd samla løyving:	4 260 000 kr

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

### Vurderingar og verknader

#### Økonomi:

Vestland fylkeskommune er for 2022 tildelt til saman kr 4 260 000 kr til tiltak i dei statleg sikra friluftsområda. Dette er statlege tilskotsmidlar og tildelinga vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2022 frå post 460.405, tilskot til tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområder.

#### Klima:

Tilrettelegging av statleg sikra friluftsområde har få direkte konsekvensar for klimagassutsleppa i Vestland. Friluftsområde som er nær byar og tettstadar og som enkelt kan nåast utan bruk av bil eller båt prioriterast, slik reduserast transportbehova og dei indirekte klimagassutsleppa som følge av transport.

#### Folkehelse:

Å sikre at befolkninga har tilgang til godt tilrettelagte område for rekreasjon og friluftsliv, bidreg til ei meir aktiv befolkning og til betre folkehelse. For dei fleste vil det å ha tilgang til tilrettelagte friluftsområde i nærområda truleg føre til auka livskvalitet.

#### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Friluftsliv er kanskje den mest utbreidde fritidsaktiviteten i Noreg og er noko som eit breitt lag av befolkninga driv med på regelmessig basis. Å legge til rette for at flest mogleg kan gå på tur og drive med friluftsliv i nærleiken av der dei bur, bidreg til sosial utjamning og betre folkehelse.

Å ha tilgang til friluftslivsområde og gode turopplevingar i nærområdet er for mange ein viktig kvalitet. Ein kommune som har eit godt friluftslivstilbod og gode turområde vil for mange vere ein attraktiv bustadkommune.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at tildelte midlar til tilrettelegging og skjøtsel i statleg sikra friluftsområde vert fordelt slik det går fram av tabellen i forslag til vedtak.